

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/12

av 19. august 2004

om endring av kommisjonsvedtak 2001/881/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar som er godkjende til å føre veterinærkontroll med produkt og dyr frå tredjestatar(*)

[meldt under nummeret K(2004) 3127]

(2004/608/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 2,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsvedtak 2001/881/EF av 7. desember 2001 om utarbeiding av ei liste over dei grensekontrollstasjonane som er godkjende til å føre veterinærkontroll med levande dyr og animalske produkt frå tredjestatar, og om ajourføring av dei nærmare reglane for kontrollen som

veterinærakkyndige frå Kommisjonen skal føre⁽³⁾ bør ajourførast, særleg for å ta omsyn til utviklinga i visse medlemsstatar og til fellesskapsinspeksjonane.

- 2) På oppmoding frå dei slovenske styresmaktene og etter at det er gjennomført ein fellesskapsinspeksjon bør grensekontrollstasjonane ved Jelsane (veg), Brnik (lufthamn) og Dobova (jarnbane) førest opp i lista.
- 3) På oppmoding frå dei maltesiske styresmaktene og etter at det er gjennomført ein fellesskapsinspeksjon bør ein grensekontrollstasjon ved Marsaxxlok (frihamn) førest opp i lista.
- 4) På oppmoding frå dei estiske styresmaktene og etter at det er gjennomført ein fellesskapsinspeksjon bør grensekontrollstasjonane ved Muuga (hamn) og Narva (veg) førest opp i lista.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GIJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedlegget til vedtak 2001/881/EF vert følgjande oppføringar lagde til i lista over grensekontrollstasjonar i Estland:

«1	2	3	4	5	6
Muuga	2300399	P		HC, NHC-T(FR), NHC-NT	
Narva	2300299	R		HC, NHC-NT»	

Artikkel 2

I vedlegget til vedtak 2001/881/EF vert følgjande oppføring lagd til i lista over grensekontrollstasjonar på Malta:

«1	2	3	4	5	6
Marsaxxlok	3103099	P		HC, NHC»	

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 274 av 24.8.2004, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 45/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 (TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 2003.

⁽³⁾ TEF L 326 av 11.12.2001, s. 44. Vedtaket sist endra ved vedtak 2004/517/EF (TEU L 221 av 21.6.2004, s. 18).

Artikkel 3

I vedlegget til vedtak 2001/881/EF vert følgjande oppføringar lagde til i lista over grensekontrollstasjonar i Slovenia:

«1	2	3	4	5	6
Ljubljana Brnik	2600499	A		HC(2), NHC(2)	O
Dobova	2600699	F		HC(2), NHC(2)	U, E
Jelsane	2600299	R		HC, NHC-NT, NHC-T(CH)	O»

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 19. august 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen
